



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 22.01.2016
Tid: 14:00: 16:15

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Wenche Tislevoll	Ordførar	H
Agnar Aarskog	Varaordførar	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Dagfinn Brekke	Medlem	KRF

Forfall:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
Grete Marit Veka Maraas	Sigurd Andre Maraas	SP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Andreas Moe Larsen	Ass. Rådmann
Trond Salmo	Økonomisjef
Kristin Meland	Møtereferent

Wenche Tislevoll
Ordførar

Dagfinn Brekke

Grete Marit Veka Maraas

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 2/16	Godkjenning av protokoll	
PS 3/16	Avtale om kommunereform	
PS 4/16	Sal av eigedom. Førings i budsjett.	
PS 5/16	Fullmakt til å setja i verk ymse investeringar	
PS 6/16	Planstrategi 2016-2019	
PS 7/16	Høyring - strategi hovudtariffoppgjeret 2016	
PS 8/16	Offentleg høyring av forslag til innretning på havbruksfondet	
PS 9/16	Ymse	
PS 10/16	Meldingar	

PS 2/16 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Protokollar frå møte 02.12.2015 og 06.01.2016 vert godkjende.

Behandling i Formannskapet - 22.01.2016:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 3/16 Avtale om kommunereform

Framlegg til vedtak/tilråding:

Saka blir lagt fram utan tilråding.

Behandling i Formannskapet - 22.01.2016:

Under handsaming av denne saka deltok Sp sin gruppeleiar Grete Marit Veka Maraas, samt tillitsvalde Katrine Ankervold frå Utdanningsforbundet og Turid Dalen frå Fagforbundet. Formannschaftsmedlem Sigurd Andre Maraas (FrP) deltok i saka pr. telefon.

Det var intensjonen at saka «Avtale om kommunereform» skulle vedtakast i møtet, men avtalen er ikkje ferdig utgreidd enda.

Rådmann Atle Tornes orienterte om 0-alternativet.
Økonomisjef Trond Salmo orienterte om inntektssystemet.

Formannskapet drøfta saka og kom med vidare innspill til arbeidet framover, m.a. er det viktig å få ut god informasjon til innbyggjarane i kommunen.

Vedtak: (Samrøystes)

Formannskapet tek saka til vitande.

PS 4/16 Sal av eigedom. Førings i budsjett.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet legg til grunn til at tomteområdet i Fitjarstølane nord vert lagt ut for sal så snart dette er praktisk mogeleg. Det vert å inngå eit samarbeid med Tore Sigurd Fitjar slik at heile feltet kan seljast under eitt.

Formannskapet ber administrasjonen å sjå vidare på planar og avtaletilhøva kring restområdet på Vestbøstad med sikte på at dette blir lagt ut på sal så snart det er klart. Førings om rimelege tomter vert sett bort frå, for desse to områda.

Behandling i Formannskapet - 22.01.2016:

Representanten Agnar Aarskog (AP) kom med framlegg om slikt tilleggspunkt:

Fitjar kommune skal jobba vidare med spørsmålet om rimelege tomter til førstegongsetablerarar.

Røysting:

Framlegg frå administrasjonen med tilleggspunkt frå Agnar Aarskog vart samrøystes vedteke og det ligg føre slikt;

Vedtaks: (Samrøystes)

Formannskapet legg til grunn til at tomteområdet i Fitjarstølane nord vert lagt ut for sal så snart dette er praktisk mogeleg. Det vert å inngå eit samarbeid med Tore Sigurd Fitjar slik at heile feltet kan seljast under eitt.

Formannskapet ber administrasjonen å sjå vidare på planar og avtaletilhøva kring restområdet på Vestbøstad med sikte på at dette blir lagt ut på sal så snart det er klart. Førings om rimelege tomter vert sett bort frå, for desse to områda.

Fitjar kommune skal jobba vidare med spørsmålet om rimelege tomter til førstegongsetablerarar.

PS 5/16 Fullmakt til å setja i verk ymse investeringar

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet gjev Rådmannen løyve til å setja i verk nye investeringar innanfor den skisserte ramma på kr 3.792.000,-.

Behandling i Formannskapet - 22.01.2016:

Vedtaks: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 6/16 Planstrategi 2016-2019

Framlegg til vedtak:

Formannskapet oppnemner ei felles politisk prosjektgruppe for å koordinera det samla planarbeidet. Gruppen består av fylgjande medlemmer:

Arbeidet vert deretter «fordelt» på dei aktuelle utvala som skal ha ansvaret.

Behandling i Formannskapet - 22.01.2016:

Ordfører Wenche Tislevoll (H) kom med framlegg om utvalsleiarane Grete Marit Veka Maraas (SP) og Torstein Grimen (H).
Representanten Agnar Aarskog (AP) kom med framlegg om Wenche Tislevoll og Dagfinn Brekke.

Formannskapet hadde ikkje merknader til framlegga.

Vedtak: (Samrøystes)

Formannskapet oppnemner ei felles politisk prosjektgruppe for å koordinera det samla planarbeidet.

Gruppa består av fylgjande medlemmer:

Wenche Tislevoll, ordfører
Dagfinn Brekke, formannskapsmedlem
Torstein Grimen, utvalsleiar
Grete Marit Veka Maraas, utvalsleiar

Arbeidet vert deretter «fordelt» på dei aktuelle utvala som skal ha ansvaret.

PS 7/16 Høyring - strategi hovudtariffoppgjeret 2016

Framlegg til vedtak/tilråding:

Fitjar formannskap vedtek høyringsuttale som skildra i saksutgreiinga.

Behandling i Formannskapet - 22.01.2016:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 8/16 Offentleg høyring av forslag til innretning på havbruksfondet

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune har som intensjon å slutta seg til uttalen frå Samarbeidsrådet i Sunnhordland.

Vedtaket skal i tilfelle lyda slik: Fitjar kommune sluttar seg til uttalen frå Samarbeidsrådet i Sunnhordland.

Dersom denne uttalen inneheld punkt som er uheldige for Fitjar, kan ordfører gje eigen uttale på vegne av kommunen. Ein sluttar seg då ikkje til uttalen.

Behandling i Formannskapet - 22.01.2016:

Vedtak: (Samrøystes)

Fitjar kommune sluttar seg til uttalen frå Samarbeidsrådet i Sunnhordland.

Dersom denne uttalen inneheld punkt som er uheldige for Fitjar, kan ordfører gje eigen uttale på vegne av kommunen. Ein sluttar seg då ikkje til uttalen.

PS 9/16 Ymse

Framlegg til vedtak/tilråding:

Behandling i Formannskapet - 22.01.2016:

Ingen saker innmeldt under ymse.

Vedtak/tilråding:

PS 10/16 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 22.01.2016:

Skatteinngang desember 2015 – økonomisjef Trond Salmo orienterte i møtet.

Høyring etter lov om stadnamn – rådmann Atle Ternes orienterte om saka som no ligg ute til høyring.

Reguleringsplan E39 gjennom Stord kommune – ordførar Wenche Tislevoll orienterte om saka.

Sprenging i Håkonar næringspark/Årskog industriområde – brev frå Breivik om motsegn på arbeid i Årskog industriområde.

Formannskapet drøfta saka og kom med ulike innspel til administrasjonen for løysing. Ordførar sender svar og vidaresender saka til avdeling for plan og utvikling.

Rådmann orienterte om:

1. Helsesenter – det har vore synfaring i «Larsenbygget»
2. Flyktningar – Fitjar kommune ar hatt møte med fylkesmannen.
Det vil gitt utgreiing om saka i neste møte i Utval for oppvekst og omsorg.
3. Fitjar kommune har motteke kr. 690.000,- frå Husbanken i tilskot til kjøp av flyktningebustad.

Vedtak/tilråding: